


Vedlegg 4 Vidare utgreiing barnehage- og skulestruktur

Folketal, arbeidsplassar og attraksjon



Samandrag

Suldal står i ein situasjon med varig nedgang i talet på barn og unge, kombinert med ei aldrende befolkning og avgrensa utsikter til vekst i arbeidsplassar. Dette påverkar direkte grunnlaget for framtidig barnehage- og skulestruktur.

Sidan 2000 har Suldal mista om lag 250 innbyggjarar, hovudsakleg grunna negativ nettoinnflytting. Dei siste åra har folketalet auka mellombels som følgje av busetjing av 267 flyktningar (2021–2024), men dette representerer ikkje ein varig trend. Prognosen viser at folketalet vil falle frå 3 958 i 2026/27 til 3 797 i 2040/41. Det er berre gruppa 80+ som veks.

For barn og unge er utviklinga særleg krevjande. Prognosen viser ein nedgang på om lag 21 prosent i grunnskulealder fram mot 2040. Barnehagealderen (0–5 år) går ned frå 251 barn i 2024 til om lag 238 i 2040. Faktiske tal støttar nedgangen: barnehagane mista 26 barn frå vår til haust 2025, skulane har mista 19 elevar på to år, og det vart fødd berre 25 barn i 2025 – det lågaste på mange år.

Næringslivet i Suldal har ikkje hatt vekst i talet på arbeidsplassar dei siste åra. Nokre prosjekt kan gi aktivitet, men lite varig busetjing.

Samla sett er potensialet for varig sysselsetjingsvekst avgrensa, og ikkje nok til å snu folketalsutviklinga. Scenarioanalysar viser at sjølv 300 nye arbeidsplassar berre kan gi 36–55 nye elevar, langt under det som trengst for å stabilisere elevtalet.

Høyringsinnspela i prosessen viser eit stort engasjement, og særleg uro knytt til konsekvensar for lokalsamfunn, reiseveg og opplevd attraktivitet ved endringar i barnehage- og skulestrukturen.

Samstundes viser analysar frå Telemarksforsking og det samla kunnskapsgrunnlaget at slike forhold i avgrensa grad påverkar flyttemønster og folketalsutvikling på overordna nivå.

Telemarksforsking sine analysar viser at dei viktigaste grunnane til å flytte til eller frå distriktskommunar er:

- jobb- og karrieremoglegheiter
- ønskje om å bu nærare familie og vener
- natur og friluftsliv
- kjensle av å høyre til

Utdanningstilbod for barn og unge er blant dei minst viktige faktorane for tilflytting. Nærleik til barnehage og skule er viktig, men ikkje avgjerande. Dette betyr at endringar i barnehage- og skulestruktur ikkje vil påverke tilflyttinga i særleg grad.

Bustadstrategien legg vekt på kvalitet, variasjon og betre bustadrotasjon, og kan styrkje attraktivitet og trivsel. Men strategien introduserer ikkje nye demografiske føresetnader og er ikkje retta mot å skape vekst i barnetalet. Tiltaka handlar om betre bumiljø, ikkje om å endre folketalsutviklinga.

Når ein ser folketal, arbeidsplassar og flyttemotiv i samanheng, er konklusjonen klar:

- Suldal står overfor ein strukturell og varig nedgang i talet på barn og unge.
- Det finst ingen realistiske drivkrefter som kan snu utviklinga på kort eller mellomlang sikt.
- Barnehage- og skulestrukturen må difor planleggjast for eit varig lågare elevgrunnlag.

- Kvalitet, fagmiljø, rekruttering og berekraftig drift blir dei viktigaste premissa for framtidig struktur.

Kartlegginga av rekruttering og kompetanse viser at Suldal står i ein situasjon der små fagmiljø, mange einingar og sterk konkurranse om arbeidskraft gjer det krevjande å rekruttere og behalde kvalifisert personell. Dette påverkar direkte berekrafta i dagens barnehage- og skulestruktur. Rekruttering og robuste fagmiljø må difor vurderast som ein sentral premiss saman med demografi, økonomi og kvalitet.

Utgreiinga viser at strukturval må ta utgangspunkt i dei demografiske realitetane, ikkje i forventningar om vekst som ikkje har støtte i data.

► Innhald

1	Befolkningsgrunnlag og prognosar	6
1.1	Oppsummering prognosar	6
1.2	Prognosar og faktisk folketal	8
1.3	Samla barnetal i barnehagar og elevtal i skular	10
1.4	Bustadstrategi Suldal kommune	11
1.4.1	Status og føremål	11
1.4.2	Overordna mål og strategisk tilnærming	12
1.4.3	Sand og grendene – rollefordeling og samspel	12
1.4.4	Bustader for heile livsløpet og bustadrotasjon	13
1.4.5	Kommunen si rolle	13
1.4.6	Relevans for barnehage- og skulestruktur i Suldal	13
2	Rekruttering og rekrutteringsstrategi Suldal	15
3	Næringsutvikling i Suldal	17
3.1	Potensial for auka sysselsetjing	17
3.1.1	Kraftutbygging	17
3.1.2	Datasenter	17
3.1.3	Oppdrett av kveite	17
3.1.4	Mibau Stema, steinbrot	18
3.2	Avsluttande vurderingar	18
4	Attraksjonsteori	19
5	Flyttemotiv	22
6	Samanfatting av Telemarkforskning si regionale analyse 2025	27
7	Samanheng mellom bustadbygging og barne- og elevtal	29
7.1	Nasjonale føringar	29
7.2	Kommunal planpraksis	29
7.3	Relevans for Suldal	29
7.4	Barn og hushald – nasjonale hovudtal	29
7.5	Scenario for elevgenerering frå nye bustadar med 100, 200 eller 300 nye arbeidsplassar	30
7.5.1	Scenario 1: 0,45 nye innbyggjarar per ny arbeidsplass	31
7.5.2	Scenario 2: 0,30 nye innbyggjarar per ny arbeidsplass	33

7.6	Oppsummering arbeidsplass, bustad og tal elevar	34
8	Attraktivitet og flyttemotiv – kva betyr det for Suldal?	35
8.1	Kobling til folketalsutvikling og næringsanalyse	35
8.2	Relevans for vurdering av barnehage- og skulestruktur	36
9	Kjelder	37

1 Befolkningsgrunnlag og prognosar

Det vart i førre utgreiing laga prognoserapport for Suldal. Folketals- og elevtalprognosen for Suldal kommune (2025–2040) gir eit samla bilete av historisk utvikling, noverande demografisk situasjon og venta endringar i befolkninga, med særleg relevans for barnehage, skule, arbeidskraft og busetjing.

Suldal kommune har hatt ein samla nedgang i folketalet på om lag 250 personar sidan år 2000. Denne utviklinga skuldast i hovudsak negativ nettoinnflytting, medan fødslar og dødsfall over tid har vore om lag i balanse. Dei siste åra har folketalet auka, primært som følgje av omfattande busetjing av flyktningar. Til saman er det busett 267 flyktningar i perioden 2021–2024, noko som har gitt kommunen eit mellombels oppsving i folketalet.

Alderssamansetjinga i kommunen er utfordrande. Suldal har ein relativt låg del av befolkninga i yrkesaktiv alder (23–66 år) samanlikna med fylket og landet, og ein høg del eldre, særleg i aldersgruppene over 67 år. Samstundes er det små årskull i førskulealder, noko som gir grunnlag for lågare elevtal i åra framover. Prognosen viser at eldrebølgja vil slå sterkt inn i perioden, med ein særleg kraftig vekst i aldersgruppene over 80 år.


Norconsult sin prognose legg til grunn vidareføring av dei siste åra sine flyttemønster, fruktbarheit og dødelegheit, justert for venta lågare busetjing av flyktningar etter 2025. Prognosen viser ein liten auke i folketalet dei første åra, før ein gradvis nedgang. Folketalet er venta å minke frå 3 958 personar i 2026/27 til 3 797 personar i 2040/41. Det er berre aldersgruppene over 80 år som har ein tydeleg vekst gjennom perioden, medan alle yngre aldersgrupper samla sett går ned eller held seg stabile.

For barn og unge viser prognosen ein samla nedgang i talet på barn i grunnskulealder på om lag 21 prosent fram mot 2040. Tilsvarende er talet på førskulebarn venta å gå noko ned, men relativt stabilt samanlikna med andre aldersgrupper. Utviklinga i elevtal varierer mellom skulekrinsane, men fleire av dei mindre krinsane har ei ugunstig alderssamansetjing med tanke på framtidig elevgrunnlag; Ugunstig alderssamansetjing i fleire av dei mindre krinsane skuldast kombinasjonen av få barn, mange eldre, små komande årskull og avgrensa varig tilflytting av barnefamiliiar. Dette er strukturelle trekk som gjer at elevgrunnlaget er venta å bli svekka over tid, sjølv utan ytterlegare utflytting.

1.1 Oppsummering prognosar

Prognose for førskulebarn (0-5 år)


Diagrammet viser at barnetalet i barnehagealder (0–5 år) i Suldal har vore relativt stabilt dei siste åra, og at det ikkje er venta store svingingar på kort sikt. Samstundes peikar prognosen på ein svak nedgang i talet på barn i denne aldersgruppa dei næraste fem til seks åra. Denne utviklinga heng saman med låge fødselstal i 2025 og at eit relativt stort årskull no har gått vidare til skulealder. Over heile prognoseperioden fram mot 2040 er det venta ein samla nedgang på om lag 10–15 barn i barnehagealder, frå 251 barn i 2024 til om lag 238 barn i 2040, tilsvarende rundt fem prosent. Prognosen legg til grunn at fødselstala held seg om lag på same nivå som dei siste åra, medan nettoinnflyttinga av små barn vert noko lågare, mellom anna som følgje av redusert busetjing av flyktningar etter 2025. Det blir samstundes understreka i rapporten at aldersgruppa 0–5 år er den mest usikre delen av prognosen, sidan alle barna i denne gruppa enno ikkje er fødte, og utviklinga difor er særleg sårbar for endringar i fødselstal og flyttemønster.



Figur 1-1 Diagram henta frå Folketal- og elevtalsprognoserapport 2025

Elevtalsprognose

Folketals- og elevtalsprognosen for Suldal kommune (2025–2040) viser utviklinga i elevtal dei komande åra. Prognosen viser at elevtalet i Suldal vil vere relativt stabilt dei aller næraste åra, før ein tydeleg og varig nedgang slår inn. Dette skuldast at små årskull er på veg inn i skulealder, medan større årskull går ut av grunnskulen. Busetjing av flyktningfamiliar har dei siste åra bidrege til å halde elevtalet oppe, men dette er ikkje venta å halde fram i same omfang. Samla sett er det venta ein betydeleg reduksjon i talet på grunnskuleelevar fram mot 2040, med ulik effekt mellom skulekrinsane. Utviklinga vil ha betydning for framtidig skulestruktur og dimensjonering av oppvekstilbodet i kommunen. Utviklinga varierer mellom skulekrinsane, men fleire av dei mindre krinsane får ein tidlegare og sterkere nedgang enn dei større. Samla sett gir prognosen ikkje grunnlag for varig stabilisering av elevtalet, utan vesentlege endringar i fødselstal eller tilflytting av barnefamiljar.




Figur 1-2 Diagram henta frå Folketal- og elevtalprognoserapport 2025

1.2 Prognosar og faktisk folketal

SSB utarbeidde i 2024 tre folketalsframskrivingar. Hovudframskrivinga viser noko svakare folketalsutvikling framover enn Norconsult si prognose, som ligg til grunn for dei omtalte elevtala.


Den faktiske folketalsutviklinga etter 1.1.2024 har vore svakare enn SSB si hovudframskriving og ligg nærare SSB sitt låg-alternativ (sjå figur under).

Sjølv om perioden er kort, peikar dette i retning av ei svak folketalsutvikling framover. Telemarksforsking anslår og svakare folketalsvekst for Suldal enn SSB (kjelde: *Regional analyse 2025: Suldal*). Samstundes viser sjølv SSB si mellomalternativ-framskriving ein folketalsnedgang frå slutten av 2020-talet.



Figur 3 Folketal i Suldal, faktisk og i tre SSB-framskrivningar frå 2024.

Det er registrert positiv nettoinnflytting i perioden 2022–2024. Dette kan truleg knytast til busetjing av ukrainske flyktningar, som i stor grad har blitt registrerte som innanlandsk flytting og ikkje som innvandring. Ser ein bort frå busetjinga av ukrainarar, verkar flyttebalansen for Suldal å vere negativ. Tala varierer mykje frå år til år, og ein bør difor vere varsam med å tolke endringar basert på enkeltår.



Figur Inn- og utflytting i Suldal. Tal personer. Kjelde: SSB, tabell 13255.

1.3 Samla barnetal i barnehagar og elevtal i skular

Tabellen under viser barnetalet i barnehagane i Suldal, våren og hausten 2025:

Barnehage	Vår 2025	Haust 2025	Endring
Vinjar barnehage	48	35	-13
Vinjar barnehage avd. Nesflaten	6	4	-2
Sand barnehage	75	67	-8
Stølane barnehage	46	48	2
Jelsa oppvekstsenter avd. barnehage	16	14	-2
Kjølvikstølen barnehage	24	21	-3
Samla	215	189	-26

Tabellen under viser elevtalet i skulane i Suldal dei siste tre åra, med oppsummert endring siste to åra:

Skule	Elevar 23/24	Elevar 24/25	Elevar 25/26	Endring siste to år
Nesflaten oppvekstsenter	17	15	11	-6
Vinjar skule	97	97	94	-3
Sand skule	287	283	270	-17
Erfjord skule	67	72	73	6
Jelsa oppvekstsenter	22	17	21	-1
Marvik skule	24	27	26	2
Samla	514	511	495	-19

Desse siste lokale tala underbyggjer hovudbiletet i prognoserapporten om at utviklinga i barnetalet i oppvekstsektoren er prega av nedgang og auka usikkerheit. Barnehagetala viser ein samla reduksjon frå vår til haust 2025 (-26 barn), noko som er i samsvar med prognosen si vurdering av at talet på barn i alderen 0–5 år kan bli noko lågare dei næraste åra. Utviklinga er mellom anna påverka av lågare fødselstal og endringar i nettoinnflytting av småbarnsfamiliar, herunder redusert busetjing av flyktingar etter 2025.

Samstundes understrekar rapporten at 0–5-årsgruppa er meir usikker i framskrivingar fordi barna i stor grad enno ikkje er fødte. På skulesida viser tala ein samla nedgang på 19 elevar dei siste to åra, med variasjon mellom skulane. Prognosen peikar på at elevtalet kan auka noko dei aller næraste åra før ein meir varig nedgang slår inn, fordi årskulla som kjem inn i skulen etter kvart er mindre enn dei som går ut, og fordi framskrivinga byggjer på lågare nettoinnflytting av barn i skulealder framover. Rapporten presiserer òg at ulike registreringstidspunkt (GSI og SSB) kan gi avvik mellom ulike teljemåtar i enkeltår, særleg i periodar med mykje flytting og busetjing.

Det er uansett slik at barnetalet i barnehage og skular har minka siste åra, og at talet er lågare enn det prognosen fortalte.

Informasjon frå Suldal kommune tilseier at det vart født 25 barn i Suldal i 2025. Dette er markant under kullstorleikane dei siste åra, som i snitt har vore kring 50 barn.

1.4 Bustadstrategi Suldal kommune

Suldal kommune er i ferd med å utarbeide ein heilskapleg bustadstrategi for dei komande åra. Under følgjer ei oppsummering av strategien. Strategien er enno ikkje handsama politisk, og må lesast som eit utkast som framleis kan verte endra i kommunale prosessar.

1.4.1 Status og føremål

Dokumentet er eit utkast til heilskapleg bustadstrategi for Suldal kommune. Strategien er utarbeidd med utgangspunkt i mål og føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel, samt konkrete vedtak og bestillingar frå kommunestyret. Føremålet med bustadstrategien er å gi ei samla og langsiktig retning for bustadutviklinga i

kommunen, og leggja eit felles kunnskapsgrunnlag for vidare politiske vurderingar og prioriteringar på bustadfeltet.

Eit sentralt premiss i strategien er at flytting i hovudsak er eit frivillig val. Bustadutviklinga må difor leggja til rette for bustader og bumiljø som innbyggjarar faktisk ønskjer å velja. Strategien tek sikte på å styrkja bustadrotasjon, leggja betre til rette for tilflytting og skapa gode rammer for kvardagsliv og deltaking i lokalsamfunna i heile kommunen.

Bustadstrategien ser bustadutvikling i samanheng med andre sentrale utviklingsområde, som demografisk utvikling, nærings- og samfunnsutvikling, sentrumsutvikling, livsløp, berekraft og kommunen si rolle som planmynde og tilretteleggjar. Strategien rettar seg mot eit overordna nivå og er ikkje ei detaljert prosjektering eller planlegging av einskildbygg.

1.4.2 Overordna mål og strategisk tilnærming

På overordna nivå legg bustadstrategien til grunn at Suldal skal vera ein kommune der det er attraktivt både å flytta til og bli buande. Dette inneber ambisjonar knytte til kvalitet i bustadtilbodet, gode bumiljø, sosial inkludering og samanheng mellom bustader, tenester, arbeidsplassar og møteplassar.

Strategien peikar på at utfordringane i bustadmarknaden ikkje først og fremst handlar om mangel på tomtereservar, men om mangel på rett type bustader, rett lokalisering og rett kvalitet. Mange einebustader blir verande i same eigarskap lenge, medan det finst få alternativ som gjer frivillig flytting attraktiv når livssituasjonen endrar seg. Dette fører til låg bustadrotasjon og lite dynamikk i bustadmarknaden.

Eit gjennomgåande grep i strategien er difor å leggja til rette for meir varierte bustadtypar, særleg fleire leileghetsbaserte løysingar og meir konsentrerte bustadformer, kombinert med høg kvalitet i arkitektur, uteområde og fellesareal. Bustadutvikling blir forstått som meir enn bygging av nye einingar; det handlar òg om stadskvalitet, fellesskap og korleis bustader inngår i kvardagslivet.

1.4.3 Sand og grendene – rollefordeling og samspel

Bustadstrategien byggjer på ei forståing av Suldal som ein kommune med både eit kommunesenter og fleire grender, alle med ulike føresetnader, kvalitetar og roller. Strategien er tydeleg på at bustadutvikling ikkje skal vera lik over alt, men tilpassast lokale forhold og bidra til eit samspel mellom Sand og grendene, der kvalitetane utfyller kvarandre.

1.4.3.1 Sand – kommunesenteret

For Sand vert det lagt opp til ei tydeleg sentrumsorientert bustadutvikling. Sand har eit breitt tenestetilbod og funksjonar knytte til handel, kultur, helse, arbeid og offentlege tenester. Bustadutvikling i sentrum kan difor styrkja både sentrumsliv og tilgjenge til kvardagsfunksjonar for fleire grupper.

Strategien peikar på behovet for meir tett og konsentrert bustadutvikling på Sand, mellom anna gjennom leileghetsbygg som kombinerer private bueningar med delte fellesareal. Slike bustader kan vera attraktive for eldre som ønskjer ein enklare og meir tilgjengeleg kvardag, men òg for unge vaksne, einslege, par, tilflyttarar og barnefamiljar som ønskjer nærleik til sentrumstilbod. Aktiv bruk av førsteetasjar, gode uterom, og gjennomtenkte overgangar mellom private og offentlege rom blir trekt fram som viktige kvalitetar.

Bustadutvikling på Sand blir sett i nær samanheng med sentrumsutvikling. Fleire fastbuande i sentrum kan leggja grunnlag for vidare utvikling av handel, kulturtilbod og møteplassar, og slik styrkja rolla som kommunesenter. Bustadpolitikken for Sand handlar difor både om bustader og om å byggja eit levande, attraktivt og funksjonelt sentrum.

1.4.3.2 Grendene

I grendene vert det lagt vekt på andre kvalitetar enn i sentrum. Her er nærleik til natur, oversiktlege bumiljø, lokal identitet og sterke sosiale nettverk sentrale verdiar. Bustadutvikling i grendene skal byggja vidare på desse kvalitetane og ta omsyn til skala, landskap og eksisterande strukturar.

Strategien peikar på at bustadutvikling i grendene ofte bør skje gjennom mindre og tilpassa prosjekt, framfor store og einsarta bustadfelt. Dette kan til dømes vera mindre bygg med to til fire leilegheiter, tilpassa lokale behov og etterspurnad. Slik utvikling kan skapa nye bustadalternativ utan å bryta med eksisterande miljø og stadskjensle.

Bustadutvikling i grendene blir òg sett i samanheng med arbeidsplassar, næringsliv og lokale føresetnader. I enkelte grender, som Jelsa, vert det understreka behov for tett dialog mellom kommune og næringsliv for å kartleggja reelle bustadbehov knytt til industrien, og leggja til rette for bustader som både kan fanga opp tilflytting og bli ein del av varige lokalsamfunn.

Samspel mellom Sand og grendene handlar ikkje om konkurranse, men om å tilby ulike bustadtypar og livsformer i same kommune. Eit variert bustadtilbod kan gje innbyggjarane reell valfridom og kan bidra til at fleire finn bustader som passar i ulike livsfasar, utan å måtte flytta ut av kommunen.

1.4.4 Bustader for heile livsløpet og bustadrotasjon

Bustadstrategien legg stor vekt på bustader for heile livsløpet. Behov og preferansar endrar seg gjennom livet, og bustadmarknaden må leggja til rette for at innbyggjarar kan flytta frivillig når livssituasjonen endrar seg. Dette inneber både tilgjengelege og universelt utforma bustader, og bustader som tilbyr fellesskap, tryggleik og nærleik til kvardagsfunksjonar.

Særleg vert leilegheitsbygg med fellesareal peika ut som eit viktig verkemiddel for å styrkja bustadrotasjon. Når fleire finn attraktive alternativ utanfor einestaden, kan eksisterande bustader frigjerast og nyttast av nye hushald. På denne måten kan kommunen få betre utnytting av eksisterande bustadmasse, utan at all utvikling er avhengig av nye einestadfelt.

1.4.5 Kommunen si rolle

Strategien klargjer fleire roller for kommunen i bustadutviklinga. Kommunen skal vere planmynde og setja tydelege rammer for bustadtypar, lokalisering og kvalitet. Samstundes kan kommunen ta ei meir aktiv rolle som grunneigar, bestillar og samarbeidspart i konkrete bustadprosjekt, til dømes gjennom å definera krav til bustadmiks, fellesareal og arkitektonisk kvalitet, medan private aktørar står for bygging og sal.

Kommunen blir òg peika på som ein viktig kunnskapsaktør. Systematisk kartlegging av bustadbehov, dialog med grendautval, informasjon om buformer og finansiering, og aktiv bruk av medverknad vert framheva som viktige grep for å redusera uvisse i bustadmarknaden og leggja til rette for betre prosjekt.

Strategien avsluttar med ei rekkje prioriterte tiltak, både knytte til nye bustadprosjekt, betre bruk av eksisterande bustader og vidareutvikling av kommunen si rolle som tilretteleggjar. Tiltaka skal konkretiserast og operasjonaliserast i vidare politisk og administrativ handsaming.

1.4.6 Relevans for barnehage- og skulestruktur i Suldal

Utkastet til heilskapleg bustadstrategi må sjåast i samanheng med barnehage- og skulestrukturen i lys av dei demografiske føresetnadene som ligg til grunn for kunnskapsgrunnlaget for barnehage- og skulebruksplanen. Bustadstrategien byggjer på dei same overordna utviklingstrekk i befolkninga, med små

årskull av barn og unge og ein aukande del eldre. Strategien introduserer ikkje egne barnetalsprognosar eller nye føresetnader om framtidig elevtalsutvikling, og endrar dermed ikkje det demografiske grunnlaget som vurderingane av barnehage- og skulestruktur er baserte på.

Samstundes har bustadstrategien klare mål om at Suldal skal vere ein kommune det er attraktivt både å flytte til og bli buande i, med attraktive og levande grender, ledige og godt lokaliserte bustadtomter og tilrettelegging for auka busetjing. Desse målsetjingane er gjennomgåande i strategien, men er i hovudsak operasjonaliserte gjennom bustadpolitiske grep retta mot kvalitet, variasjon og frivillig flytting, heller enn gjennom føresetnader om vesentleg vekst i talet på barnefamiljar. Strategien understrekar at flytting i hovudsak er eit frivillig val, og at bustadutvikling må ta utgangspunkt i kva bustader og bumiljø folk faktisk ønskjer å bu i, gitt eksisterande marknads- og demografiske rammer.

Bustadstrategien legg særleg vekt på betre bustadrotasjon og fleire alternativ til einebustaden, mellom anna gjennom leilegheitsbaserte og meir konsentrerte bustadløyningar. Dette vert grunngeve med ønskje om betre flyt i bustadmarknaden og meir effektiv bruk av den eksisterande bustadmassen. Strategien knyter ikkje denne retninga til forventningar om vesentleg auke i barnetalet, men til intern flytting, livsfaseendringar og generelt betre attraktivitet i kommunen. På dette punktet ligg bustadstrategien innanfor dei same føresetnadene som skule- og barnehagegrunnlaget, og peikar ikkje på bustadutvikling som eit verkemiddel for å endre barnetalsutviklinga i vesentleg grad.

Når det gjeld den geografiske dimensjonen, skil bustadstrategien mellom Sand som kommunesenter og grendene elles. For Sand vert det lagt til grunn ei meir sentrumsnær og konsentrert bustadutvikling, med sikte på å styrkje sentrumskvalitetar og eit levande kvardagsliv. Strategien omtalar dette som viktig for attraktivitet og kommunesenterfunksjonar, men utan å føresetje at dette vil gi varig vekst i barnetalet. For grendene er strategien tydeleg på at bustadutvikling skal vere småskala, stadtilpassa og basert på lokale føresetnader. Målsetjinga om attraktive og levande grender er i hovudsak kopla til bumiljø, stadskvalitet og sosial berekraft, ikkje til forventningar om strukturell endring i elevgrunnlaget.

Samla sett byggjer bustadstrategien vidare på eksisterande demografiske premiss, samstundes som han har ambisjonar om å styrkje attraktivitet, busetjing og livskraft i både Sand og grendene. Desse ambisjonane er formulerte innanfor ei realistisk ramme, der bustadutvikling ikkje vert framstilt som eit verkemiddel for å endre dei grunnleggjande føresetnadene for barnehage- og skulestrukturen. Relevansen for strukturvurderingane ligg difor først og fremst i at bustadstrategien er konsistent med kunnskapsgrunnlaget og ikkje introduserer nye føresetnader som tilseier at vurderingane av framtidig kapasitet, lokalisering eller struktur i barnehage og skule må byggjast på eit anna elevgrunnlag enn det som allereie er analysert.

2 Rekruttering og rekrutteringsstrategi Suldal

Tilgangen på kompetent arbeidskraft er ein av dei mest avgjerande føresetnadene for at Suldal kommune skal kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestene sine i åra framover. Suldal kommune har utarbeidd både Handlingsplan kartlegginga av rekrutteringsarbeidet og Rapport Kartlegging av rekrutteringsarbeidet i Suldal kommune. Kartlegginga av rekrutteringsarbeidet (2025) viser at kommunen står i ein situasjon der kompetansebehovet aukar samstundes som folketalsutviklinga gir færre yrkesaktive og sterk konkurranse om arbeidskrafta regionalt. Dette gjer rekruttering til eit strategisk tema på linje med folketalsutvikling, bustadpolitikk og næringsutvikling.

Kartlegginga viser at kommunen har mange dyktige medarbeidarar, men at fleire einingar opplever sårbarheit knytt til små fagmiljø, høg deltidsandel og utfordringar med å rekruttere kvalifiserte søkjarar. Mange tilsette uttrykkjer at dei ønskjer større stillingar, meir fagleg utvikling og betre utnytting av kompetansen dei har. Samstundes peikar fleire på at kommunen er ein god arbeidsgjevar når ein først er inne i eit fagmiljø som fungerer, og at meningsfullt arbeid og gode kollegaer er viktige grunnar til å bli verande. Det er likevel tydeleg at kommunen må arbeide meir systematisk og heilskapleg med rekruttering dersom ein skal møte framtidige behov.

Eit sentralt mål i rekrutteringsarbeidet er å sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft i alle tenesteområde, med særleg vekt på helse, oppvekst og tekniske fag. Kommunen ønskjer å bygge robuste fagmiljø som kan utnytte kompetanse på tvers av einingar og geografiske avstandar, og å framstå som ein tydeleg og attraktiv arbeidsgjevar. Dette krev både organisatoriske grep og ein meir offensiv arbeidsgjevarpolitikk.

Eit viktig utviklingsområde er arbeidet med heiltidskultur. Kartlegginga viser at mange ønskjer større stillingar, og at deltidsstrukturar skapar sårbarheit og høg utskifting. Heiltidskultur handlar ikkje berre om stillingsstorleik, men om kvalitet i tenestene, kontinuitet for brukarar og betre arbeidsmiljø. Kommunen vurderer difor å rekruttere heile, faste stillingar som hovudregel, og å knyte desse til ei felles vikarteneste når det er nødvendig for å sikre fleksibilitet og stabilitet. Ei slik vikarteneste kan òg bidra til betre opplæring, meir føreseieleg drift og betre utnytting av kompetanse.

Kartlegginga viser òg at fleire einingar har behov for spesialisert kompetanse som ikkje kan byggjast opp i kvar eining for seg. Det er difor aktuelt å utvikle spesialistteam som kan arbeide på tvers av tenesteområde, til dømes innan spesialpedagogikk, miljøterapi, tekniske fag eller helse. Dette kan gi større fagmiljø, betre kvalitet og mindre sårbarheit, samstundes som det gir tilsette høve til fagleg utvikling og variasjon.

Kompetanseutvikling er eit anna område der kommunen må styrkje innsatsen. Mange tilsette opplever at tilgangen til kurs og vidareutdanning er ujamn, og at dei som arbeider «lengst ute» i organisasjonen ikkje alltid får dei same moglegheitene som dei som arbeider tettare på administrasjonen. Kommunen ønskjer difor å gjere ordningar for vidareutdanning og kompetanseheving meir kjende og meir tilgjengelege, og å arbeide meir systematisk med kompetanseplanlegging i alle einingar. Dette omfattar òg betre bruk av



Prosjekt: Suldal kommune, Einingar 1, 400-land | Telefon: 52202000 | E-post: post@uldal.kommune.no
Kommunenr.: 1120 | Organisasjon: 4040100 | www.uldal.kommune.no



regionale samarbeid, som lærande nettverk og partnerskap med Høgskulen på Vestlandet og nabokommunane.

Kartlegginga viser vidare at kommunen må bli tydelegare i marknaden. Mange peikar på at Suldal har mykje å tilby, men at dette ikkje alltid kjem godt nok fram i rekrutteringsarbeidet. Ein meir offensiv arbeidsgjevarprofil, betre bruk av digitale kanalar og målretta kommunikasjon om fagmiljø, livskvalitet og utviklingsmoglegheiter er difor viktige grep. Samstundes må kommunen styrkje internkommunikasjonen og sikre at tilsette opplever å bli sett, høyrte og involvert i endringsprosessar. Dette er avgjerande både for å behalde kompetanse og for å framstå som ein attraktiv arbeidsgjevar.

Leiing er eit gjennomgåande tema i kartlegginga. Den geografiske storleiken på kommunen og dei mange små einingane gjer det krevjande å sikre nærleiing og god informasjonsflyt. Kommunen vurderer difor behovet for ein meir føremålstenleg leiingsstruktur som kan gi betre støtte til einingsleiarane og sikre tydeleg retning og betre involvering av tilsette. Dette er òg viktig for å skape psykologisk tryggleik og ein kultur der tilsette opplever at det er rom for å seie meininga si og bidra til utvikling.

Rekruttering kan ikkje sjåast isolert frå dei andre utviklingsområda i kommunen. Bustadstrategien peikar på behovet for attraktive og varierte bustader, noko som er ein føresetnad for å rekruttere nye arbeidstakarar og halde på dei som allereie bur her. Næringsutviklinga er avhengig av tilgang på kompetanse, og kommunen si evne til å rekruttere påverkar òg næringslivet si evne til å vekse. Samstundes viser folketalsutviklinga at kommunen må arbeide aktivt for å halde på unge vaksne og barnefamiliar, og at arbeid, bustad og tenestekvalitet verkar saman.

Samla sett viser kartlegginga at rekruttering ikkje berre er eit HR-tema, men eit strategisk utviklingsområde som påverkar heile kommunen. Utan tilgang på kompetanse blir det vanskeleg å oppretthalde kvalitet i tenestene, gjennomføre strukturendringar, utvikle næringslivet og snu folketalsutviklinga. Ein heilskapleg rekrutteringsstrategi må difor vere ein integrert del av arbeidet med bustadpolitikk, samfunnsutvikling og tenesteutvikling, og vere forankra både administrativt og politisk.

I samtale med rekrutteringsteamet til Suldal kommune, kjem det fram at det er for tidleg å sjå effektane av dei mange tiltaka ein har sett i verk. Dei vektlegg behovet for å jobbe heilskapleg og langsiktig. Ei eksplisitt utfordring dei opplever per no, er at det ikkje er fatta avgjerd i struktursaka enno. Det gjer det krevjande å vite kva «forteljinga om Suldal er» når dette er på vent.

3 Næringsutvikling i Suldal

Utviklinga i næringslivet er sentral for busetjinga. Fleire arbeidsplassar gjer at personar som bur i Suldal, men elles pendlar til andre kommunar, kan ta seg arbeid i eigen kommune. Mellom 2010 og 2022 var det ingen klar trend i talet på arbeidsplassar i kommunen. Talet på sysselsette busette i Suldal har likevel gått ned, slik at netto innpendling har auka. Nedgangen i arbeidsplassar samanlikna med 2022 har samanheng med ei større bedriftsnedlegging (transportfirma).

Viktige innpendlingskommunar dei siste åra har vore (i rekkjefølgje): Sauda, Hjelmeland, Stavanger, Vindafjord og Ullensvang. Det er få som pendlar frå Haugesund og Stavanger. Når det gjeld utpendling, er Stavanger og Sauda klart størst. Andre utpendlingskommunar ligg langt bak. (*Kjelde: Regional analyse, kap. 2.2.6*)

3.1 Potensial for auka sysselsetjing

Som del av oppdraget har Norconsult vurdert potensialet for auka sysselsetjing i fleire prosjekt som har vore aktuelle dei siste åra. Vi har gjennomført intervju med fleire av verksemdene.

3.1.1 Kraftutbygging

Det er planlagt kraftutbygging i Øvre Suldal og i Ulla-Førre-anlegga som vil påverke regionen. I anleggsfasen på 2–4 år vil behovet for arbeidskraft vere stort, men investeringane vil truleg ikkje i særleg grad gi opphav til varig busetjing i kommunen. Dei vil likevel gi sysselsetjing hos lokale entreprenørar, både i Suldal og Sauda. Arbeidskrafta vil i stor grad vere pendlarar frå omliggande kommunar, men òg frå andre delar av landet og frå utlandet.

Investeringane vil truleg kome mot slutten av 2020-talet og starten av 2030-talet. Ei ringverknadsanalyse av Røldal–Suldal-utbygginga indikerer om lag 10 nye varige arbeidsplassar som følgje av oppgraderinga av kraftverket. (*Kjelde: Samfunnsøkonomisk analyse, rapport 4. juli 2024*)

Vår vurdering er at utbygging knytt til Ulla-Førre ikkje vil gi nemnande endring i talet på varige arbeidsplassar etter at investeringane er gjennomførte.

3.1.2 Datasenter

Det er planlagt eit datasenter ved Tysingvatnet i regi av Asp Eiendom, som har kjøpt tomt av kommunen. I driftsfasen anslår vi at datasenteret, basert på dei første planane, kan gi om lag 20 varige arbeidsplassar, inkludert underleverandørar. Vi anslår at datasenteret kan vere i drift rundt 2030, men dette er usikkert, mellom anna fordi planleggingsprosessen er tidkrevjande og uføreseieleg.

3.1.3 Oppdrett av kveite

Det er planar om å utvide eksisterande oppdrettsanlegg for kveite (Sterling White Halibut), som i dag har om lag 5 tilsette, med ei femdobling av produksjonen (*kjelde: Suldalsposten*). Dette vil gi auka sysselsetjing. Vår vurdering er at den prosentvise auken i sysselsetjing vil bli vesentleg lågare enn den prosentvise auken i produksjonen. Vi anslår, på usikkert grunnlag, ein auke frå dagens fem til kanskje 15–20 tilsette dersom utvidinga blir gjennomført.

3.1.4 Mibau Stema, steinbrot

Mibau Stema driv i dag eit stort steinbrot på Jelsa med om lag 330 arbeidsplassar, inkludert innleigde tilsette (Kjelde: *KU-rapport Asplan Viak, 2024*). I realiteten kan talet vere noko høgare (kom fram i intervju). Lokale ringverknader gjer at talet på sysselsette i Suldal som verksemda bidreg til, er ein del høgare.

Mibau Stema planlegg utviding av pukkverket for å møte venta global etterspurnad etter stein til store infrastrukturprosjekt, og fordi eksisterande steinbrot fleire stader er i ferd med å bli uttømde. Ifølgje konsekvensutgreiinga (Asplan Viak 2024) er det utforma tre scenario for utviding:

- **Scenario 1:** uendra bemanning (330 tilsette)
- **Scenario 2:** 368 tilsette
- **Scenario 3:** 433 tilsette

Dette tilsvarar auke på om lag 40 og 130 tilsette i scenario 2 og 3. Dette vil òg gi ringverknader i kommunen. Verksemda meiner scenario 3 er realistisk, men at veksten vil skje gradvis over 5–10 år etter kvart som marknaden veks.

I dag er om lag 2/3 av dei tilsette busette i Suldal. Mange pendlar frå Sauda, Vindafjord og Hjelmeland, nokre frå Stavanger. Verksemda har om lag 20–25 pendlarbustader. Det er ein underliggjande liten vekst i talet på tilsette, dels på grunn av auka krav frå styresmaktene, og dels fordi dei erstattar noko innleigde med eigne tilsette. Verksemda har mange faggrupper og jobbar aktivt med kompetanseutvikling, mellom anna lærlingar og fagskule. Ho ønskjer å bidra til lokalsamfunnet og er oppteken av bustadtilbodet, som er utfordrande fordi det er dyrare å bygge hus enn det ein får att ved sal. Det er døgntinuerleg drift for å sikre høg utnytting av kostbart kapitalutstyr, men verksemda ønskjer så familievennlege turnusar som mogleg.

3.2 Avsluttande vurderingar

Investeringane i fleire av prosjekta ovanfor vil stimulere lokale entreprenør- og handverksbedrifter i fleire år i investeringsfasen. Dette gir noko sysselsetjing i kommunen frå lokalt tilsette. Men auken i fast sysselsetjing etter at prosjekta er ferdig bygde, ser ut til å bli avgrensa i fleire av prosjekta. Unntaket er Mibau Stema, der det gradvis kan kome ein ikkje ubetydeleg vekst over 5–10 år.

På bakgrunn av Suldal si lite sentrale plassering og næringssammansetjing vurderer vi at potensialet for vekst i talet på arbeidsplassar i kommunen er avgrensa. Svak vekst i nabokommunane dei siste åra har òg ført til at potensialet for utpendling blant busette i Suldal har vore beskjedent. Denne utviklinga ventar vi vil halde fram. Dette samsvarer med vurderingane til Telemarksforskning i *Regional analyse*.


Svak forventa utvikling i arbeidsplassar i regionen (Ryfylke) tilseier at også befolkningsveksten framover vil bli forholdsvis svak. Auka bustadbygging i kommunen kan føre til at nokre pendlare frå andre kommunar vel å busetje seg i Suldal. Denne vurderingane byggjer på at bustadmarknaden no er stram etter busetjinga av mange ukrainske flyktningar dei siste åra. Vi vurderer difor at fleire attraktive bustader til ein akseptabel pris kan bidra noko til innflytting.

Anslag nye arbeidsplassar

- ▶ Kraftutbygging: 10
- ▶ Datasenter: 20
- ▶ Oppdrett kveite: 15-20
- ▶ Steinbrot: 40-130
- ▶ **Samla: 85 – 180 arbeidsplassar**

4 Attraksjonsteori

Telemarksforskning har vore den mest framstående aktøren innan attraktivitetsforskning i Noreg. Særleg har dei arbeidd med attraktivitet i mindre kommunar. Attraktivitetsteorien legg til grunn at ein stad sin attraktivitet er «en stedelig egenskap som påvirker flyttestrømmen til et sted (...)» (Vareide, Nygaard 2014: 6). Utgangspunktet er at ein stad kan tiltrekke seg nye tilflyttarar anten ved å trekkja til seg næringsliv og/eller besøkande som skaper vekst i talet på arbeidsplassar og dermed indirekte innflytting. Staden kan også ha høg bustadsattraktivitet og slik tiltrekke seg nye innbyggjarar direkte.



Figur 4 Modellen viser faktorer som påvirker attraktivitet

Attraktivitetsteorien er nyttig når ein skal seia noko om kva som kan påvirka flyttestraumar og skapa vekst i næringsliv, i reiselivsnæringa og, kanskje viktigast for denne rapporten, auka talet på innbyggjarar i kommunen. I tabellen under viser Telemarksforskning kva som påvirkar ein stad sin attraktivitet, både når det gjeld næring, besøk og bustad. For alle typene attraktivitet er omdømme sentralt, at staden er kjend for å vera ein god stad å bu, besøka og driva næringsverksemd. Omdømme kan òg bli påverka av dei andre faktorane i tabellen.

Kommentert [IF1]: Flisespikkeri, men er denne hentet fra et sted? Telemarksforskning? Burde i så fall oppgi kilde i figurtekst.

For å ha bustadsattraktivitet i ein kommune er det for det første viktig å ha tomteareal eller eigna bustader tilgjengelege for dei som ønskjer å flytta til staden. Dette er ein faktor kommunane sjølve kan påverka i nokon grad, til dømes gjennom ulike bustadprosjekt. I tillegg er tilgang til amenitetar (stadlege goder) viktig, som kommunale tenester (skule, barnehage osv.), natur og friluftsliv, kultur- og fritidstilbod. Her kan kommunen òg påverka noko, men faktoren er òg avhengig av kva som er mogleg med eit visst innbyggjartal, frivillige i organisasjonslivet osv.

I høyringsinnspela vert barnehage og skule i fleire tilfelle framheva som sentrale for lokal attraktivitet og busetjing. Dette er i tråd med at slike tenester inngår som ein del av bustadsattraktiviteten.

Samstundes viser forskinga at desse faktorane verkar i samspel med andre forhold, og i mindre grad åleine er avgjerande for flyttestrøymar.

Til sist er identitet og stadleg kultur viktig – det vil seia lokal identitet og ei kjensle av fellesskap, inkludering og aksept i lokalsamfunnet. Identitet og stadleg kultur er vanskelegare for kommunen å arbeida direkte med, men kan utviklast over tid gjennom ulike prosjekt og prosessar.

Kva påverkar attraktivitet?

Faktorar	Bedrift	Besøk	Bustad
Omdømme	Omdømme som ein stad å driva næringsliv	Omdømme som ein stad å vitja	Omdømme som ein stad å bu
Areal og bygningar	Næringsareal Lokale Næringshagar	Areal til hytter Eksisterande hytter Overnattingskapasitet	Tomteareal Bustader Tilgjenge
Amenitetar	Tilgang til forretningstenester Servicenivå i kommunen FoU- og kompetanseinstitusjonar Tilgang på kompetent arbeidskraft	Naturherlegdomar Tilrettelegging for friluftsliv Kulturtilbod Sport- og fritidstilbod	Kommunale tenester (skule, barnehage osv.) Naturherlegdomar Tilrettelegging for friluftsliv Kulturtilbod Sport- og fritidstilbod
Identitet og stadleg kultur	Nettverk mellom bedrifter Klynger Innovasjonsklima Samarbeid mellom næringsliv og kommune	Gjestfridom Servicehaldning Samarbeid mellom besøksnæringane Destinasjonsutvikling	Lokal identitet Gjestfridom Toleranse Samarbeidsånd Utviklingskultur

Attraktivitet for bedrifter blir forma av korleis staden fungerer som næringsmiljø. Eit godt omdømme som ein stad å drive verksemd, tilgang på næringsareal, lokale og næringshagar, samt gode forretningstenester

og kommunal service er sentrale faktorar. Kompetansemiljø, tilgang på kvalifisert arbeidskraft og eit innovativt samarbeid mellom bedrifter og kommune styrker òg attraktiviteten.

Attraktivitet for besøk handlar om korleis staden opplevast som reisemål. Omdømme som besøksstad, tilgang på hytteareal og overnattingskapasitet, og sterke amenitetar som natur, friluftsliv, kultur og fritidstilbod er viktige. Gjestfridom, servicehaldning og godt samarbeid i besøksnæringane bidreg til å utvikle og styrkje destinasjonen.

Attraktivitet for bustad er knytt til korleis staden fungerer som buplass. Eit positivt omdømme som ein god stad å bu, tilgang på tomter og bustader, og gode kommunale tenester som skule og barnehage er døme på faktorar. Natur, friluftsliv, kultur og fritidstilbod spelar òg ei rolle, saman med lokal identitet, toleranse, samarbeidsånd og ein utviklingsorientert kultur i lokalsamfunnet.

Skule, næringsetablering og tilflytting

For bedriftsetableringar viser attraksjonsteorien at skule- og barnehagetilbod ikkje avgjerande i seg sjølv; verksemdar vektlegg i større grad næringsareal, kompetanse, infrastruktur og eit velfungerande næringsmiljø. Samstundes kan gode oppvekst- og velferdstenester vere ein del av den samla bustadattraktiviteten for arbeidstakarar, saman med natur og friluftsliv, kultur og idrett, og dermed indirekte påverke rekruttering og tilflytting.


5 Flyttemotiv

Telemarksforsking har òg utarbeidd ein forskingsrapport der flyttemotiv til og frå distrikta er undersøkte (Svartebekk, Vareide 2024). Distriktskommunane blir definerte som kommunar med sentralitetsgrad 5 og 6 (Suldal er definert med sentralitetsgrad 6). Artikkelen går nærare inn på kva motiv dei som har flytta til eller frå ei distriktskommune har hatt, og kva vurderingar dei som vurderer å flytta gjer seg. Arbeidet kan òg kasta lys over kva faktorar som blir rekna som viktigast når folk vurderer eller vel å flytta til eller frå ei distriktskommune.

Figuren under viser korleis folk svarer når dei blir spurde om kor viktige ulike dimensjonar er for å ha eit godt liv. Når folk skal vurdere kva som gjer eit godt liv, er svara relativt like på tvers av kommunar med ulik sentralitet. Jobbmoglegheiter kjem tydeleg fram som viktigast, og ligg øvst saman med det å kunna leva livet slik ein ønskjer, nærleik til vener og familie og nærleik til natur og turområde.

Nærleik til barnehage og skule vert rangert om lag som like viktig for eit godt liv som nærleik til sjukehus, kulturtilbod og servicetilbod. Distriktskommunane skil seg noko frå andre kommunar ved at nærleik til skule og barnehage og nærleik til fødetilbod blir vurdert som viktigare her enn elles. Dette blir forklart med at desse tilboda ikkje er like sjølvsegde i distriktskommunar som i meir sentrale område.

Viktige dimensjonar for å ha eit godt liv




Figur 7: Gjennomsnittlig skår på hvor viktig ulike dimensjoner er for å ha et godt liv, etter sentralitet. Gjennomsnitt (vektet) på skala fra 0-10. N totalt = 3405. N mest sentrale = 338. N mellomsentrale = 1669. N minst sentrale = 1398.

Figur 5 Utklipp frå rapport Telemarksforsking

Figuren under viser gjennomsnittleg skår på kor godt folk meiner at bustaden deira fyller ulike behov, etter sentralitet i kommunen dei bur i. Vi ser at distriktskommunane og kommunar med andre sentralitetsnivå skårar nokså likt når det gjeld å kunna leva livet slik ein ønskjer, nærleik til natur, og nærleik til skule og barnehage. For dei andre behova er det større skilnader mellom kommunar med låg sentralitet og kommunar med høg sentralitet (dei store bykommunane og tilhøyrande pendlingsomland).

Kor godt bustaden fyller ulike behov, etter sentralitetsgrad




Figur 8: Gjennomsnittlig skår på hvor godt bostedet fyller ulike behov, etter sentralitet. Gjennomsnitt (vektet) på skala fra 0-10. N totalt = 3405. N mest sentrale = 338. N mellomsentrale = 1669. N minst sentrale = 1398.

Figur 6 Utklipp frå rapport Telemarksforsking

I studien har Telemarksforsking og spurt respondentane som har oppgitt at dei har konkrete planar om, eller vurderer å flytta, om dei viktigaste grunnane til planlagt flytting. Tabellen under viser resultatane:

Viktigste årsaker til planlagt flytting




Figur 10: De viktigste grunnene til å flytte fra bostedet, etter sentralitet. Kun de som vurderer eller har konkrete planer om å flytte. Flere svar mulig. Prosent. N totalt = 3405. N mest sentrale = 338. N mellomsentrale = 1669. N minst sentrale = 1398.

Figur 7 Utklipp frå rapport Telemarksforsking

Det mest tydelege resultatet her er at i kommunar med låg sentralitet oppgir dei som vurderer, eller har planar om å flytta, at dette i stor grad skuldast jobb- eller karrieremoglegheiter, saman med ønskje om å bu nærare familie og vener.

Vidare blei det spurt både dei som hadde konkrete planar om å flytta til ein kommune i sentralitetsgruppe 5 eller 6, og dei som faktisk hadde flytta til ein kommune i desse sentralitetsgruppene, om dei viktigaste grunnane til flyttinga. Figurane under viser resultatane.


Viktigste årsaker til å ønske å flytte til ein kommune med lav sentralitet



Figur 12: De viktigste grunnene til å ønske å flytte. Kun de som vurderer eller ha konkrete planer om å flytte til en kommune i sentralitetsgruppe 5 eller 6. Flere svar mulig. Prosent. N = 119

Figur 8 Utklipp frå rapport Telemarksforsking

Viktigste flytteårsaker – dei som faktisk har flytta til ein kommune med lav sentralitet



Figur 13: De viktigste grunnene til å flytte til en distriktskommune. Kun de som har flyttet til en kommune i sentralitetsgruppe 5 eller 6. Flere svar mulig. Prosent. N = 723

Figur 9 Utklipp frå rapport Telemarkforskning

Begge tabellane viser at dei viktigste årsakene til ønske om å flytte, eller faktisk har flytta, til ein kommune med låg setralitet, er jobb- og karrieremoglegheiter og å flytte nærare familie/vener. Natur og friluftsliv og å føle seg heime går også att for begge gruppene. Utdanningstilbod for barn- og unge er mellom dei minst viktige faktorane mellom dei spurte i rapporten.

Høyringsinnspela gir samstundes uttrykk for at nærleik til skule og barnehage har stor betydning for kvardagsliv, tryggleik og lokal identitet. Dette nyanserer biletet, men endrar ikkje hovudfunnet om at slike forhold i mindre grad er avgjerande for flyttebeslutningar.

6 Samanfating av Telemarkforskning si regionale analyse 2025

Utviklinga i Suldal dei siste ti åra viser eit samfunn som i stor grad har halde folketalet stabilt, men der stabiliteten skjuler fleire strukturelle utfordringar ([Regional analyse 2025](#)). Folketalsveksten har vore nær null, arbeidsplassutviklinga har vore svak, og kommunen står framfor store demografiske endringar. Samstundes viser analysen at Suldal har hatt ein positiv bustadsattraktivitet som har kompensert for negative strukturelle forhold.

Folketalsutvikling

Suldal har i starten av 2025 nesten same folketal som ti år tidlegare – ei auke på berre fem personar. Både fødselsbalansen og nettoflyttinga har vore nær null, men dette biletet endrar seg når ein tek omsyn til innvandring: kommunen har busett mange ukrainske flyktningar dei siste tre åra. Utan denne innflyttinga ville folketalet gått ned.

Flyttetala er likevel betre enn forventa. Gitt låg sentralitet, svak arbeidsplassutvikling og svak nabovekst, skulle Suldal hatt netto utflytting. At nettoflyttinga likevel er svakt positiv, betyr at bustadsattraktiviteten har vore høgare enn strukturelle forhold skulle tilseie.

Tabellen visar drivkrefter bak folketalutviklinga, med årleg endring dei siste 10 år.

Drivkraft	Effekt
Samla befolkningsvekst	+0,12 %
Fødselsoverskot	+0,05 %
Netto innflytting	+0,07 %
Sentralitetseffekt	-0,60 %
Arbeidsplassutvikling i Suldal	-0,45 %
Arbeidsplassutvikling i nabokommunar	-0,06 %
Bustadsattraktivitet	+0,12 %

Tabell 1 Drivkrefter bak folketalutviklinga (årleg endring siste 10 år)

I 2024 hadde Suldal ein uvanleg sterk vekst på 1,29 prosent. Dette skuldast både eit lite fødselsoverskot og ein netto innflytting på 1,23 prosent. Arbeidsplassutviklinga dette året var svært svak, men flyttetala var likevel langt betre enn forventa. Bustadsattraktiviteten var sterkt positiv og gav 1,41 prosentpoeng ekstra innflytting – tilsvarande 55 personar.

Arbeidsplassutvikling

Arbeidsplassutviklinga i Suldal har vore svak dei siste ti åra, med ein samla nedgang på 1,6 prosent per år. Nedgangen gjeld både privat og offentleg sektor:

- Privat sektor: -2,1 % per år
- Offentleg sektor: -0,7 % per år

Bransjestrukturen i Suldal gir i utgangspunktet svakare vekst enn landsgjennomsnittet, og befolkningsutviklinga trekkjer også ned. Forventa vekst i næringslivet var likevel svakt positiv (+0,2 prosent). At den faktiske utviklinga vart -2,1 prosent, betyr at næringsattraktiviteten har vore sterkt negativ.

I 2024 var utviklinga ekstra svak, med ein nedgang på 9 prosent i privat sektor og 1,4 prosent i offentleg sektor. Dette gav ein negativ næringsattraktivitet på 8,7 prosentpoeng, tilsvarande eit tap på 111 arbeidsplassar.

Drivkraft	Effekt
Samla arbeidsplassvekst	-1,6 %
Privat sektor	-2,1 %
Offentleg sektor	-0,7 %
Nasjonalt bidrag	+0,9 %
Bransjeeffekt	-0,4 %
Befolkningseffekt	-0,3 %
Forventa vekst	+0,2 %
Næringsattraktivitet	-2,3 %

Tabell 2 Drivkrefter bak arbeidsplassutviklinga (årlig endring siste 10 år)

Framover: scenarier for folketalsutvikling

Telemarksforskning presenterer tre scenarier for utviklinga fram mot 2050:

- Høg attraktivitet: folketalet stabiliserer seg rundt 3 739
- Nøytral attraktivitet: folketalet fell til 3 282
- Lav attraktivitet: folketalet fell til 2 934

SSB sitt alternativ ligg mellom høg og nøytral attraktivitet (3 671). For å nå dette nivået må Suldal auke attraktiviteten vesentleg samanlikna med dei siste ti åra.

Uansett scenario vil kommunen få:

- sterk vekst i talet på eldre, og
- nedgang i talet på barn og unge

Dette skapar eit omfattande omstillingsbehov i tenestestrukturen.

Samla vurdering

Analysen teiknar eit bilete av ein kommune som:

- har stabilt folketal, men berre på grunn av innvandring og høgare bustadsattraktivitet enn venta
- har svak arbeidsplassutvikling, særleg i privat sektor
- har negativ næringsattraktivitet, som trekkjer i retning av utflytting
- har positiv bustadsattraktivitet, som delvis kompenserer for strukturelle ulemper
- står framfor store demografiske endringar, med fleire eldre og færre barn

For å stabilisere eller styrkje folketalet må Suldal:

- Styrkje næringsattraktiviteten gjennom fleire arbeidsplassar enn forventa
- Vidareutvikle bustadsattraktiviteten, slik at flyttetala held seg betre enn strukturelle forhold tilseier
- Handtere demografiske endringar, særleg veksten i eldre og nedgangen i barn

Dette er avgjerande for å sikre ei berekraftig utvikling fram mot 2050.

7 Samanheng mellom bustadbygging og barne- og elevtal

I vurderinga av framtidig skulestruktur i Suldal kommune er det sentralt å forstå i kva grad bustadbygging kan påverke barnetal og elevgrunnlag i skulekrinsane. Spørsmålet er ikkje berre om fleire bustader kan gi fleire barn, men kor store utslag ein realistisk kan forvente, og over kva tidshorisont slike utslag eventuelt vil kome.

Det finst ikkje nasjonale normtal som direkte seier kor mange elevar eit gitt tal nye bustader genererer. Samstundes finst det planfagleg kunnskapsgrunnlag som vert nytta i kommunal planlegging, og som også er relevant for Suldal.

7.1 Nasjonale føringar

Plan- og bygningslova stiller krav om at kommunane i planlegginga vurderer samfunnsmessige konsekvensar av bustadutvikling, inkludert behov for sosial infrastruktur som skule og barnehage, som del av omsynet til barn og unges oppvekstvilkår. Verken lov eller forskrift gir likevel talfesta krav til kor mange elevar nye bustader skal reknast å generere. Metodeval og føresetnader er difor overlatne til kommunal, fagleg vurdering ([Plan- og bygningslova, Lovdata](#)), Statlege rettleiingar om barn og unge i planlegging understrekar at bustadlokalisering påverkar oppvekstvilkår, men utan å operere med faste normtal for elevgenerering ([Regjeringen.no – Barn og unge i planlegging](#)).

7.2 Kommunal planpraksis

I kommunal planlegging vert det i nokre tilfelle nytta erfaringsbaserte vurderingar av kor mange elevar ulike bustadtypar kan generere, særleg i scenarioarbeid og konsekvensutgreiingar. Desse vurderingane byggjer på lokale data om hushaldsstruktur, flyttemønster og bustadtype, og vert nytta for å teste robustheit i planalternativ.

Intervall som til dømes høgare elevgenerering i ein bustader og rekkehus, lågare i familieeigna leilegheiter og svært låge verdiar i små leilegheiter førekjem i slik praksis. Desse intervalla er likevel ikkje standardiserte, ikkje normerte og ikkje publiserte som offisielle tal i kommunale eller statlege dokument. Dei må difor forståast som erfaringsbaserte vurderingar, ikkje som normtal.

7.3 Relevans for Suldal

Bustadstrategien for Suldal kommune legg opp til meir konsentrert bustadbygging og leilegheiter i Sand og Suldalsosen, mindre og stadstilpassa prosjekt i grendene, samt styrking av bustadrotasjon framfor volumvekst. Dette kan tilseie at låg til middels elevgenerering per bustad er mest realistisk i fleire av bygdene.

7.4 Barn og hushald – nasjonale hovudtal

Statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at Noreg i 2024 hadde om lag 1,09 millionar barn i alderen 0–17 år, fordelte på rundt 815 000 hushald med barn. Det samla talet på privathushald var om lag 2,6 millionar, noko som inneber at berre om lag 31 prosent av hushalda har barn. Gjennomsnittleg hushaldsstorleik er om

lag 2,1 personar per hushald, og har vore fallande over tid. Barnefamiljar har oftast eitt eller to barn, medan relativt få har tre eller fleire ([SSB – Familier og husholdningar](#)).

SSB publiserer ikkje statistikk som direkte koplar bustadbygging til elevtal. Samla elevgenerering må difor utleiast indirekte, med utgangspunkt i hushaldsstruktur og erfaringsdata frå kommunal planlegging ([SSB – Barn, familier og husholdningar](#)):

Frå SSB (2024/2025):

- Gjennomsnittleg 2,10 personar per hushald i Noreg ([ssb.no](#))
- Om lag 815 000 hushaldningar med barn
- Om lag 1,09 millionar barn 0–17 år i barnefamiljar

Dette gir:

- Ca. 1,3–1,4 barn per hushald med barn
- Ca. 0,40–0,45 barn per hushald totalt (alle bustadar)

Omrekna til barn i grunnskulealder og barneskulealder:

- Ca. 0,22–0,26 grunnskulebarn per hushald
- Ca. 0,14–0,16 barneskulebarn per hushald

På kommunenivå varierer dette betydeleg og er avhengig av bustadsamansetnad, hushaldsstruktur og flyttemønster.

7.5 Scenario for elevgenerering frå nye bustadar med 100, 200 eller 300 nye arbeidsplassar

Det rår stor usikkerheit knytt til samanhengen mellom nye arbeidsplassar, nye busette og elevtal. Vi tek difor med nokre rekneeksempel som viser moglege scenario.

Berekningane byggjer på følgjande føresetnader:

1) Nye innbyggjarar per ny arbeidsplass: Her testar vi ut to scenario: $X = 0,45$ og $X = 0,30$ (ikkje alle som får jobb i kommunen vil busette seg i kommunen, t.d. grunna pendling. Sjå tidlegare i rapporten)

2) 0,29 barn 6–12 år per ny innbyggjar i alderen 25–54 år og 0,12 barn 13–15 år per ny innbyggjar i alderen 25–54 år (Barn per innbyggjar byggjer på Suldal-tal 2026).


Fordeling av menneske i skulekrinsane:

Skulekrets	Folketal 2026	Del av totalen
Sand	1481	38,3 %
Vinjar	943	24,3 %
Erfjord	571	14,8 %
Marvik	393	10,1 %
Jelsa	273	7,0 %
Nesflaten	212	5,5 %
SUM	3873	100 %

7.5.1 Scenario 1: 0,45 nye innbyggjarar per ny arbeidsplass

For scenario med 100, 200 og 300 nye arbeidsplassar gir dette høvesvis 45, 90 og 135 nye innbyggjarar. Desse blir fordelte på skulekrinsane etter del av samla folketal. Elevtalet i kvar krins blir deretter berekna ved å multiplisere talet på nye innbyggjarar med aldersspesifikke elevfaktorar. Sidan ungdomsskulen ligg på Sand, blir alle nye 13–15-åringar frå dei mindre krinsane flytta dit i sluttresultatet.


Dette gir ein samla auke på 18,5 elevar ved 100 nye arbeidsplassar, 36,9 elevar ved 200 nye arbeidsplassar og 55,4 elevar ved 300 arbeidsplassar, med størst utslag i Sand og små utslag i dei mindre krinsane.



Figur Nye barn i grunnskulealder i scenario for 100, 200 eller 300 nye arbeidsplassar

Legg vi til grunn minste anslaget frå næringslivet, på 85 nye arbeidsplassar, så vil det i dette scenarioet generere om lag 16 nye elevar til kommunen samla sett, og ca. 1 ny elev til dei minste skulane.


Dersom ein plasserer elevane på skulekretsane etter dagens fordeling av busette i kommunen, ser elevtalet slik ut per krets (berre barneskulealder i alle kretsane utanom Sand):



Figur Nye barn i grunnskulealder i scenario for 100, 200 eller 300 nye arbeidsplassar


7.5.2 Scenario 2: 0,30 nye innbyggjarar per ny arbeidsplass

Dersom ein legg til grunn 0,30 nye innbyggjarar per ny arbeidsplass i kommunen, genererer det nesten 20 færre nye elevar samla sett enn scenario 1 (frå 55,2 til 36,8) i denne reknemodellen.



Figur Nye barn i grunnskulealder i scenario for 100, 200 eller 300 nye arbeidsplassar

Fordelt på dei ulike krinsane, ser elevtala slik ut:



Figur 10 Nye barn i grunnskulealder i scenario for 100, 200 eller 300 nye arbeidsplassar

I dette scenarioet gjev det nesten ikkje utslag på elevtalet i dei minste skulane, sjølv med 300 nye arbeidsplassar (som er langt over best tenkeleg anslag for nye arbeidsplassar i kommunen, jamfør tilbakemeldingar frå næringslivet). Heller ikkje Sand får så stor auke i elevtal at det veg opp for venta elevtalsreduksjon i prognosane.

7.6 Oppsummering arbeidsplass, bustad og tal elevar

Det er vanskeleg å vite kor mange nye arbeidsplassar som vert etablert i kommunen dei neste åra. Anslag frå næringslivet sjølv tilseier ein stad mellom 85 og 180 nye arbeidsplassar. Vidare heftar det stor usikkerheit kring kor mange av dei nye arbeidsplassane som genererer tilflytting til kommunen. Vi veit heller ikkje kvar desse nye innbyggjarane vil busetje seg i kommunen og i kva grad dette også fører til fleire barn i barnehagar og elevar i skulane.

Dersom ein høvesvis større del av nye innbyggjarar i Suldal vel å busetje seg i Sand enn den delen av innbyggjarane som bur i kommunesenteret i dag, vil det føre til færre nye elevar i grendaskulane enn dei to scenariora legg opp til.

Ein annan faktor som spelar inn, er at nye arbeidsplassar truleg ikkje vert etablerte på same tid. Nokre arbeidsplassar kan kome innan 5 år, andre innan 10 eller innan ein endå lenger tidshorisont. Det betyr at talet på nye elevar (36,9 elevar, 55,4 elevar eller eit anna elevtal) vil fordele seg ut over fleire skular over ein ukjent tidsperiode.

Oppsummert vil ikkje sjølv eit *svært* høgt tal nye arbeidsplassar i kommunen generere nok nye innbyggjarar og elevar til å stoppe den elevtalsnedgangen prognosane viser.

8 Attraktivitet og flyttemotiv – kva betyr det for Suldal?

Analysen av flyttemotiv viser at dei viktigaste grunnane til å flytte til eller frå distriktskommunar er:

- jobb- og karrieremoglegheiter
- ønskje om å bu nærare familie og vener
- natur og friluftsliv
- kjensle av å høyre til

Dette samsvarar med funna i folketals- og næringsanalysen: Suldal har avgrensa vekst i arbeidsplassar, og nettoinnflytting dei siste åra har i stor grad vore knytt til busetjing av flyktningar, ikkje til varige strukturelle endringar i arbeidsmarknaden.

Flyttemotiv-analysen viser òg at:

- utdanningstilbod for barn og unge er blant dei minst viktige faktorane for dei som vurderer å flytte til distriktskommunar
- nærleik til barnehage og skule er viktig, men ikkje avgjerande, og distriktskommunar skil seg berre moderat frå meir sentrale område på dette punktet
- tilgang til natur og friluftsliv er ein styrke for distriktskommunar, men dette er ikkje nok til å kompensere for mangel på arbeidsplassar

Dette betyr at sjølv om gode barnehage- og skuletilbod er viktige for trivsel og kvardagsliv, er dei ikkje drivande for tilflytting i seg sjølv. Strukturval i oppvekstsektoren kan difor ikkje forventast å påverke folketalsutviklinga i særleg grad.

Rekruttering og tilgang på kompetanse er ein del av kommunen sin samla attraktivitet. Telemarksforsking peikar på jobb- og karrieremoglegheiter som ein av dei viktigaste grunnane til at folk flyttar til eller frå distriktskommunar. Kommunen si evne til å tilby robuste fagmiljø, føreseielege arbeidsvilkår og utviklingsmoglegheiter påverkar difor både rekruttering og busetjing. I ein situasjon med mange små einingar og sårbare fagmiljø kan dette bli meir krevjande, og strukturval i oppvekstsektoren vil ha direkte betydning for kommunen si evne til å rekruttere og halde på kompetanse.

8.1 Kobling til folketalsutvikling og næringsanalyse

Når vi set flyttemotiv-funna saman med folketals- og næringsanalysen, blir biletet tydeleg:

- Folketalet går ned, særleg i aldersgruppene 0–15 år.
- Fødselstala er låge, og 2025-kullet (25 barn) er det lågaste på mange år.
- Næringsutviklinga gir avgrensa varig vekst i arbeidsplassar, og dei fleste nye arbeidsplassane som kan kome (t.d. datasenteret) er for få til å endre demografien.
- Scenarioanalysar viser at sjølv 300 nye arbeidsplassar berre gir 36–55 nye elevar, langt under det som trengst for å snu nedgangen.
- Flyttemotiv-analysen stadfestar at arbeidsplassar og familieband er dei viktigaste faktorane, ikkje tenestestruktur eller bustadpolitikk aleine.

Dette betyr at Suldal står overfor ein strukturell demografisk nedgang som ikkje kan møtast med tiltak i oppvekstsektoren åleine.

8.2 Relevans for vurdering av barnehage- og skulestruktur

Samla sett viser både dei regionale analysane (Telemarksforsking) og dei lokale prognosane at Suldal står i ein strukturell og varig demografisk nedgang, særleg i aldersgruppene 0–15 år. Telemarksforsking dokumenterer at folketalsstabiliteten dei siste åra i hovudsak kjem av mellombels innvandring, medan arbeidsplassutviklinga er svakare enn forventa og næringsattraktiviteten negativ. Dette samsvarer med dei lokale prognosane som viser fallande fødselstal, færre barn i barnehage og skule, og ei kraftig aldring av befolkninga fram mot 2040.

Når ein ser desse utviklingstrekk samlar – folketal, arbeidsplassar, flyttemotiv og bustadutvikling – er det ikkje grunnlag for å vente ein varig auke i talet på barn og unge. Dette betyr at barnehage- og skulestrukturen må planleggjast for eit lågare og meir sårbart elevgrunnlag, der kvalitet, robuste fagmiljø, rekruttering og berekraftig drift blir dei sentrale premissa. Endringar i struktur vil i liten grad påverke tilflytting, men kan vere avgjerande for å sikre stabile tenester og fagmiljø i åra framover.

1. Elevtalet vil falle vidare, og dette er i tråd med både prognosar og faktiske tal.
2. Det finst ikkje realistiske drivkrefter som kan snu utviklinga – verken i arbeidsmarknaden eller i flyttemotiva.
3. Attraktivitetstiltak knytt til bustad, sentrum og bumiljø er viktige, men dei vil ikkje gi vesentleg vekst i barnetalet.
4. Strukturval må difor ta utgangspunkt i eit varig lågare elevgrunnlag.
5. Kvalitet i tilbodet og berekraftig drift blir dei viktigaste premissa, ikkje lokalisering som verkemiddel for tilflytting.

Høyringsinnspela viser ei tydeleg uro for konsekvensar for lokalsamfunn, særleg knytt til reiseveg, tilhørsle og framtidig utvikling i grendene. Erfaringar frå samanliknbare kommunar viser likevel at slike effektar i avgrensa grad slår ut i faktisk folketalsutvikling, og at kvalitet i tilbodet og robuste fagmiljø over tid blir vurdert som viktigare for både elevar og kommunal berekraft. Samla sett understøttar dette vurderinga av at strukturval i avgrensa grad påverkar flyttemønster, men i stor grad påverkar kvalitet og berekraft i tenestene.

9 Kjelder

Asplan Viak. (2024). *Konsekvensutgreiing (KU) – Mibau Stema steinbrot*.

Kommunal- og distriktsdepartementet. (u.å.). *Barn og unge i planlegging*. Henta frå https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/fagtema/barn_unge/id2791131/

Lovdata. (2008). *Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) (LOV-2008-06-27-71)*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

Norconsult. (2025). *Folketal- og elevtalprognose rapport for Suldal kommune (2025–2040)*.

Samfunnsøkonomisk analyse. (2024, 4. juli). *Ringverknader av Røldal–Suldal-utbygginga*.

Statistisk sentralbyrå. (2024). *Befolkningsframskrivinger*.

Statistisk sentralbyrå. (u.å.). *Familier og husholdninger*. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/barn-familier-og-husholdninger/statistikk/familier-og-husholdninger>

Statistisk sentralbyrå. (u.å.). *Barn, familier og husholdninger*. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/barn-familier-og-husholdninger>

Statistisk sentralbyrå. (u.å.). *Tabell 13255: Inn- og utflytting*.

Svartebekk, S., & Vareide, K. (2024). *Flyttemotiv til og frå distriktskommunar*. Telemarksforsking.

Suldal kommune. (2025). *Handlingsplan for rekrutteringsarbeidet*.

Suldal kommune. (2025). *Kartlegging av rekrutteringsarbeidet i Suldal kommune*.

Suldalsposten. (u.å.). *Omtale av planlagt utviding av kveiteoppdrett (Sterling White Halibut)*.

Telemarksforsking. (2025). *Regional analyse 2025: Suldal*. <https://2025.regionalanalyse.no/rapport/1134/0/1>

Vareide, K., & Nygaard, M. O. (2014). *Attraktivitetsteori*. Telemarksforsking.